



Sveio kommune

Postboks 40

5559 SVEIO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åse Vaag, 5557 2188

Offentleg ettersyn - Sveio - 73/1 - Ekrene Vest - nye bustadfelt m m - områderegulering

Viser til melding frå Sveio kommune om offentleg ettersyn av områdereguleringa for Ekrene vest, motteke 06.09.19.

Bakgrunn

Planarbeidet for Ekrene vest vart først varsla oppstart i mai 2012. Arbeidet stoppa opp og kommunestyret gjorde vedtak 12. oktober 2015 at planarbeidet skulle takast opp igjen. Mars 2016 vart planarbeidet varsla på nytt. Fylkesmannen gav melding til oppstartsarbeidet i brev av 17.03.16

Kommunen varsla om endring i planområdet 4. januar 2018 der det blei bede om avklaring knytt til utviding av planområdet for gang- og sykkelsti, sidan denne utviding kunne vere problematisk og medføre utfordringar for området og naturreservatet inst i Viksefjorden. Fylkesmannen gav i mail datert 16. januar 2018 tilbakemelding at det var skepsis til det nye forslaget, og gav råd om vurdering av konsekvensane for fugl i området.

Nytt varsel om oppstart av områdeplan for Ekrene vest kom 28.02.2018, med bakgrunn av at planområdet vart utvida i nord-aust mot Viksefjorden naturreservat. Føremålet med planen var å leggje til rette for overordna lokalisering av nye bustadfelt med tilhøyrande grønareal, barnehage og landbruksareal. Det vart stilt krav om detaljregulering av desse områda før framtidig utbygging. Fylkesmannen gav tilbakemelding på dette oppstartsarbeidet 17.03.18 via mail, og viste her til tidlagre uttale i saka.

Fylkesmannen har no fått områdeplan til offentleg ettersyn etter vedtak i hovudutval teknisk / næring 26.08.19. Planområdet er på 530 dekar.

Vurdering

Kommuneplanen for Sveio 2011-2023 viser at området ligg som byggjeområde for bustader. Ny gang- og sykkelveg fram til Vikse skule er ikkje lagt inn i områdereguleringa saman med Ekrene Vest.



Det vert opplyst at det undervegs i planarbeidet var krevjande å finne gode løysingar for ny gang- og sykkelveg langs Fv. 541.

Fylkesmannen oppfattar det slik at det vil verte fremja ein eigen reguleringsplan for gang- og sykkelveg mot Viksefjorden og naturreservatet der. Vi har på bakgrunn av dette ingen merknader til reguleringsforslaget for området Ekrene Vest slik det nå ligg føre.

Fylkesmannen vil likevel presisere at når det gjeld eigen reguleringsplan for gang- og sykkelveg mot Viksefjorden og naturreservatet, er vi opptatt av at det i dette planarbeidet blir tatt omsyn til kva følgjer gang- og sykkelvegen kan få for naturmangfaldet og fuglelivet i - og ved naturreservatet.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Åse Vaag
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

Statens vegvesen Region Postboks 43 6861 LEIKANGER
vest